

Til Studiestyret, Mat.nat.

Innspel til sak 24/09 i studiestyret, om INF 100.

Informatikk er basisfag for heile fakultetet, dvs. vi skal gje kurstilbod i grunnleggjande informatikk/programmering for studentar på andre bachelorprogram enn våre eigne. Lenge var tilbodet INF100, frå 2007 også INF109. INF109 vart oppretta etter ynskje frå fakultetet. Vi har gitt kurset kvart semester og med tanke om at det ville bli tilført ekstra ressursar frå fakultetet dersom det skulle visa seg å bli etterspørsel etter kurset (i motsett fall ville det bli lagt ned). **Det har vore instituttet sin føresetnad at dersom det ikkje kom nye undervisningsressursar (dvs. ein ny stilling) så måtte instituttet ta konsekvensen av dette ved å gje INF100 og INF109 berre ein gong i året, INF100 om hausten og INF109 om våren.**

Hausten 2009 starta 171 studentar på INF 100 (alle som meldte seg fekk plass) og 35 på INF109 (søkjartalet var det doble).

For våre eigne bachelorprogram (datateknologi, datavitskap, IMØ, IKT, kognitiv vitskap) er det om lag 90 studentar. Av studentane på INF100 og INF109 kan vi difor anslå at om lag 115 av studentane i haust kjem frå andre bachelorprogram. I tillegg gav vi INF100 og INF109 i vår til 23 + 36 studentar (møtt ved semesterstart). Samla gjev vi i 2009 tilbod til om lag 175 studentar som ikkje tilhører våre bachelorprogram.

Sidan vi ikkje har fått ekstra ressursar til å gje INF109 og instituttet har budsjettunderskot, må utgiftene og dermed undervisningstilbodet reduserast. I fyrste omgang vedtok instituttrådet å skjerma INF 109 (på bekostning av tilbodet av vidaregåande kurs).

Instituttrådet vedtok å redusera regulariteten av INF 100. Dette vil gje ei årleg innsparing på om lag 500.000. Dette er vesentleg mindre enn underskotet (underskotet i 2008 var om lag 1,5 millionar), og vi burde også ha redusert regulariteten for INF 109. Slik økonomien for UiB – og ventleg instituttet – no er ville vi likevel ha fått eit underskot i 2010.

Det er problematisk i denne situasjonen at sekretariatet for studiestyret endrar instituttet sitt framlegg på ein slik måte at om deira framlegg blir vedtatt vil det få store økonomiske konsekvensar for instituttet. Det er viktig å ha for auga at studiestyret ikkje har noko økonomisk ansvar for sine vedtak. Vedtak som vil ha økonomiske konsekvensar må gjerast av økonomisk ansvarlege organ, instituttet på grunnivå og fakultetsstyret på mellomnivå.

Eg må difor be om at instituttet sitt framlegg om ikkje å gje INF 100 i vårsemestert blir vedtatt. Alternativt vil eg be om at saka ikkje blir realitetsbehandla i studiestyret, men blir lagt fram for fakultetsstyret i samband med budsjettet for 2010.